

Dato: 30.01.2015
Vår ref.: 2014/22619-3
Saksbehandlar: mardixo
Dykkar ref.:

SAMARBEIDSAVTALE 2015

mellom

Hordaland fylkeskommune
og
Fjord Norge AS

Hordaland fylkeskommune støttar Fjord Norge AS økonomisk fordi eit marknadsselskap som representerer heile Fjord Norge-regionen vil gi meirverdi for heile regionen.

For Hordaland fylkeskommune er det særstakt viktig at mangfaldet i reiselivstilbodet blir godt presentert, og at det blir teke omsyn til dei mindre aktørane sine interesser.

Fjord Norge AS skal ivareta den internasjonale marknadsføringa og oppgåver lista opp i gjeldande marknadsplan – inkludert sesongforlenging.

Rammeavtalen er den styrande delen for samarbeidet, medan den årlege samarbeidsavtalen vil gi meir innhald til avtalen og sette fokus på samarbeidsområde som Hordaland fylkeskommune og Fjord Norge AS meiner er viktig. Samarbeidsavtalen er utvikla for å sikre rutinar for evaluering og resultatmåling. Tidspunktet for prisjusteringa bør endrast til august i føregående år slik at ein kan ta høgde for dette i fylkesbudsjettet.

1. KOMMUNIKASJON

Fjord Norge AS skal ved formidling av marknadskunnskap bidra til at reiselivsnæringa i regionen tilbyr marknadstilpassa produkt.

1.1. Årlege møter

Fjord Norge AS har ansvar for å arrangere to årlege møte saman med dei fire fylkeskommunane (faggruppe – reiseliv). Innan 1. april skal det arrangerast eit rapportmøte for føregåande år. Innan 15. november skal det arrangerast eit fagmøte kvart år.

Fjord Norge AS er kontraktspartner for NCE Tourism Fjord Norway. Alle fylkeskommunane i Fjord Norge regionen Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er partnarar i NCE Tourism Fjord Norway og har ein felles representant i styret. NCE Tourism Fjord Norway er eit viktig tiltak for utvikling av



reiselivsnæringa på Vestlandet. Det er derfor viktig at det blir etablert gode rutinar for utveksling av informasjon mellom NCE Tourism Fjord Norway, næringsaktørane og dei fire fylkeskommunane. Det er forventa at dei fire fylkeskommunane blir invitert til møte med NCE Tourism Fjord Norway minst to gongar pr. kalenderår.

1.2. Studieturar for tilsette i Fjord Norge AS

Fjord Norge AS har eit ansvar for å bli kjend med reiselivstilboda i heile regionen. Dette krev studieturar til alle fylka / regionar for å bli kjend med reiselivsprodukta og reiserutene.

Fjord Norge AS utarbeider årleg oversikt over studieturar/ besøk til ulike regionar gjennomført av tilsette i Fjord Norge AS.

1.3. Kompetanseoverføring

Reiselivsnæringa er avhengig av kontinuerlig informasjon om utviklinga/ trendar i utanlandsmarknadane for å utvikle og tilpasse produkt. Fjord Norge AS skal årleg arrangere marknadsmøte for å gjere slik informasjon tilgjengeleg for aktørane. Fjord Norge AS skal dele erfaringar frå salsreiser og messer i utlandet med destinasjonsselskapa i regionen.

1.4. Fylkesvis reiselivssamlingar/konferansar

Fjord Norge AS skal prioritera å delta på fylkesvise reiselivssamlingar når dei blir inviterte til slike. I Hordaland inkluderer dette deltaking i Forum Reiseliv.

2. MARKNADSFØRING

Fjord Norge AS har ansvar for å marknadsføra reiselivstilboda i Fjord Norge-regionen på ein felles og samordna måte til internasjonale målgrupper. Målsettinga med marknadsføringa er at veksten i reiselivsbedriftene i Fjord Norge-regionen skal ligge over tilsvarande vekst nasjonalt.

De bør vere Innovasjon Norge som opnar nye marknadar, medan Fjord Norge AS bør konsentrere sin innsats i eksisterande marknader.

2.1. Fjord Norges Reiseguide og Produktmanual

Fjord Norge AS gir årleg ut ein reiseguide der alle dei geografiske områda skal vere omtalt. Hordaland fylkeskommune ønskjer å kome med innspel til innhaldet i publikasjonane. Fjord Norge AS skal legge vekt på informasjon med utgangspunkt i marknaden sitt behov.

Nye produkt, område, tema, reiseruter, etc. treng ofte ekstra drahjelp i oppstartsfasen. Fjord Norge må så langt råd er sette av plass til bilet og redaksjonell tekst i katalogar og på internett til slike nye satsingar.

2.2. Prising av produkt

Fjord Norge AS vil arbeide for å ha eit breitt prispekter på sine produkt. Fjord Norge AS skal årleg legge fram prisoversikt gjennom tingingskjema og startpakker.

2.3. Pressebesøk og visningsturar for turoperatørar

Fjord Norge AS skal vere aktiv i prosessen for val av område i Fjord Norge-regionen ved presse- og visningsturar. Mindre kjende område og plassar som har potensiale som reisemål, skal også besøkast. Fjord Norge AS skal årleg leggje fram ein oversikt over slike turar i regionen fordelt på fylka. Hordaland fylkeskommune kan sjølv ta kontakt med Fjord Norge AS når dei ønskjer å syne noko og aktivt bidra til presse- og visningsturar.



2.4 Reisehandbøker

Fjord Norge AS skal sørge for at relevante internasjonale reisehandbøker er godt oppdaterte om reiselivsproduktet Hordaland.

3. INTERNETT

Med aukande tal på individuelle reisande er Internett eit av dei viktigaste verktøya for Fjord Norge AS til å nå potensielle utanlandske kundar. Fjord Norge AS skal derfor til ei kvar tid ha oppegåande internetsider som får fram kommersielle aktørar, ikkje-kommersielle aktørar og mangfaldet i regionen på ein god måte. Godt samarbeid med destinasjonsselskapene vil vere viktig for å få dette til.

Fjord Norge AS ønskjer eit breitt produktspeske på nettsidene sine og vil aktivt bidra til at besøkande til sida lett kan finne vegen til salspunkt for produkta.

Aktivitetar/opplevelingar/overnattingasanlegg/restaurantar m.m. som har universell utforming skal vere godt synleg på den nye portalen.

Fjord Norge AS vil årleg leggje fram ein rapport som viser utviklinga av Internett portalen.

4. MERKEVAREBYGGING

Fjord Norge AS har ansvaret for merkevarebygginga av regionen gjennom internasjonal marknadsføring. Hordaland fylkeskommune og Fjord Norge AS har felles interesse av at merkevarebygginga blir vellykka.

Fjord Norge AS skal prioritere hovudformålet som er nedfelt i vedtekten – internasjonal marknadsføring og sesongforlenging, og justere merkevarebygginga etter reelle behov. Fjord Norge AS vil årleg informere om tiltak knytt til sin merkevarestrategi i regionen.

5. GEOGRAFISKE NAMN

I alt profilerande materiell (spesielt bilete) er det eit ønskje at attraksjonane er spesifisert med fylke/region i den grad det er plass til dette. Fjord Norge AS vil årleg leggje fram alt profilerande materiale.

Bergen, 9...../.....2015


Fjord Norge AS

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.